

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 39/2008**

av 14. mars 2008

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område
utanfor dei fire fridommene**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 96/2007 av 27. juli 2007⁽¹⁾.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte rådsvedtak 2007/779/EF, Euratom av 8. november 2007 om skiping av ei fellesskapsordning for katastrofevernebuing (omarbeiding)⁽²⁾.
- 3) Vedtak 2007/779/EF opphevar rådsvedtak 2001/792/EF⁽³⁾, som er teke inn i avtala og som difor må opphevast i avtala.
- 4) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2008 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 artikkel 10 nr. 8 i avtala skal bokstav b) lyde:

”Fellesskapsrettsakter som får anvendelse fra 1. januar 2008:

- **32007 D 0779**: Rådsvedtak 2007/779/EF, Euratom av 8. november 2007 om skiping av ei fellesskapsordning for katastrofevernebuing (omarbeiding) (EUT L 314 av 1.12.2007, s. 9).”

⁽¹⁾ EUT L 47 av 21.2.2008, s. 1, og EØS-tillegget til EUT nr. 9 av 21.2.2008, s. 1.

⁽²⁾ EUT L 314 av 1.12.2007, s. 9.

⁽³⁾ EFT L 297 av 15.11.2001, s. 7.

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2008.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.